



KORLEIS LAGRAR DU GJØDSEL?

RETT OG TRYGG LAGRING

Gjødsel utgjør ofte store verdier og kan bli øydelagd av sollys og fuktighet. Derfor er du sikkert oppteken av å lagre gjødsel rett. Men det er òg viktig at du lagrar henne trygt, for det finst personar der ute som kan stele gjødsel di og bruke henne i kriminell verksemd.

Har ein nok kjemikunnskap, kan mineralgjødsel med over 16 vektprosent nitrogen frå ammoniumnitrat brukast til å lage sprengstoff. Det har skjedd fleire stader i verda, mellom anna i Madrid og London, og så i Oslo 22. juli 2011.

FØRE
VAR



Vi forstår at kvardagen er hektisk med leveransar, ustabile vèrmeldingar og mykje anna. Likevel må vi be deg om å tenkje gjennom korleis du handterer gjødsel di, slik at ho ikkje hamnar i urette hender. Du må ta nokre ekstra forholdsreglar, men forhåpentlegvis kan du likevel ha ein effektiv og god arbeidsdag.

LAGRE GJØDSEL DI TRYGT

Du har ansvar for at uvedkommande ikkje får tilgang til gjødsel di. For å hindre tilgang kan du låse henne inne eller ha henne under dagleg oppsyn – til dømes på tunet eller synleg frå vindaug.

BERRE FOR NÆRINGSDRIVANDE

Det er berre næringsdrivande med yrkesmessig behov, til dømes bønder, som skal ha tilgang til mineralgjødsel med meir enn 16 vektprosent nitrogen frå ammoniumnitrat. Det vil seie at du ikkje kan gi bort eller selje slik gjødsel til privatpersonar eller andre som tek kontakt.

FØLG MED PÅ DET SOM SKJER RUNDT DEG

Dersom du oppdagar at det er forsvunne gjødsel, eller dersom du ser noko mistenkjeleg, anten på garden eller hos nokon andre, må du melde frå til politiet.

Nytt regelverk om trygg handtering av gjødsel vil tre i kraft i september 2014. Det vil innehalde konkrete krav til lagring og oppbevaring.

Du finn meir informasjon på www.dsb.no/sikkerlagring